

**Protokoll styremøte i Valdresmusea AS****2026:3**

Tidspunkt: Fredag 29. mai kl. 09.00

Stad: Valdres Folkemuseum, Fagernes

Til stades: Frank Henrik Rolland, Atle Alund Skattebu, Arne Erik Fønhus, Brita Brenna, Kjell Marius Mathisen, Odd Erik Holden og Bente Lindahl. Frå administrasjonen: Ole Aastad Bråten, Anne Marit Noraker og Tove Stubbene.

**Sak 7/2026 Reforhandling av driftsavtale med kommunane**

Dagens avtale mellom Valdresmusea og Valdreskommunane gjekk ut i 2023. I 2025 vart det vedteke å prolongere denne, fram til ein ny avtale er på plass. Styret for Valdresmusea har sidan vedteke å reforhandle avtalen med Valdreskommunane i 2026.

Saka har vore drøfta i styret i fleire år. Ho er omtala i museet sin strategi, og i handlingsplan for 2026. Saka er krevjande og kompleks, og ho berører ein pågåande prosess med reorganisering av det regionale næringsapparatet i Valdres. Denne er ikkje avslutta, men kan få konsekvensar for både oppdraget og det økonomiske tilskottet til museet.

Saka tek òg inn over seg signal frå Innlandet fylkeskommune om ynske om revisjon av avtalene med kommunane om samarbeidet om bygningsvernrådgeving. Om lag halvparten av tilskottet frå kommunane i Valdres er bunde opp i denne ordninga. No ynskjer fylkeskommunen å styrke ho, og med det det kommunale bidraget.

Saka berører ikkje minst krevjande kommunale kvardagar – og økonomiar, men òg plikta til å bidra. Denne plikta følgjer av dei statlege og fylkeskommunale tilskotta.

Den offentlege spleiselagsmodellen (60/40-modellen) har røter tilbake til 70-talet, og er stadfesta gjennom Stortingsmelding 23, Musea i samfunnet 2020–2021, Kulturlova, og dei årlege tildelingsbrev fra Kulturdepartementet. Her heiter det at: [...] kommunar som nyt godt av kompetanse og andre tenester frå musea, har eit grunnleggjande delansvar for finansieringa.

Modellen – som skal sikre at staten bidreg med brorparten av det offentlege tilskottet, har til dels store regionale forskjellar. Dei siste åra har det vore krevjande for mange kommunar å binde opp kommunale ressursar til eigne institusjonar med statleg finansiering. Departementet har på si side drøfta tiltak for utjamning av forskjellane, men ei reform kjem neppe. Det vil bety ei betydeleg omlegging av heile kultursektoren. Derfor er det hovudregelen frå 70-talet som fortsatt gjeld; staten bidreg med 60 % av dei offentlege inntektene, regionane bidreg med 40.

**Lågt kommunalt tilskott**

Det har vore jamn vekst i det statlege tilskottet sidan 2008, og frå 2025 utgjer dette nesten 15 mill. kroner. Det kviler store plikter med desse tilskotta. Blant anna blir det stilt krav til forskning. I 2025 vart det tilsett ein forskar i 100 % stilling ved Valdresmusea. Slik meiner vi at vi skal nå dei måla Stortinget har satt på dette området.

Det statlege tilskottet utgjorde i 2025 **78 %** av det samla offentlege tilskottet. Ser ein bort frå seks nasjonale museum i det nasjonale museumsnettverket, plasserer dette Valdresmusea i det øvste sjiktet (nr. 5) for statleg finansiering. Det kommunale tilskottet utgjorde berre **6 %** av det offentlege tilskottet. Dette er det sjuande svakaste i landet. Det fylkeskommunale tilskottet var på i underkant av 2,8 mill. kroner og utgjorde **16 %** av det offentlege tilskottet.

For musea elles i Innlandet ligg gjennomsnittet for kommunalt tilskott på 14 %, medan det fylkeskommunale ligg på 19 % og det statlege på 67 %. Det same gjeld for fleire andre museum på Austlandet.

På Vestlandet, derimot, er situasjonen annleis. For KODE utgjør det kommunale tilskottet heile 53 %, medan det fylkeskommunale utgjør 5 % og det statlege 42 %. For Museum Vest utgjør det kommunale tilskottet 36 %, medan det fylkeskommunale utgjør 17 % og det statlege 36 %.

Det er historiske grunnar til at det er slik, og at inntektsfordelinga ikkje alle stader følgjer 60/40-modellen, men det frittek ikkje Valdreskommunane å ikkje følgje opp den tilrådde fordelingsmodellen. Kommuneøkonomien er trong i heile landet.

At Valdresmusea i 2008 fekk i oppdrag å drive Norsk institutt for bunad og folkedrakt på vegne av Staten, kan heller ikkje vere moment i ei vurdering av det kommunale tilskottsnivået. Alle musea i det nasjonale museumsnettverket er gitt spesifikke nasjonale oppgåver. Det gjeld museet vårt like mykje som dei 61 andre musea i nettverket. Trekker ein det øyremerka statlege tilskottet til NBF ut av reknestykket, vil det kommunale tilskottsnivået til Valdresmusea likevel vere lågt.

### **Kor skal det veksa?**

Kvart år samlar Kulturdirektoratet museumsbransjen til orientering om framtida. Dei siste åra har staten adressert det økonomiske ansvaret for *drifta* i større grad til regionane. Det kan ein forstå om ein les Telemarksforskning si analyse av inntektsutviklinga til musea. Mellom 2001 og 2019 auka budsjettposten til museum i Kulturdepartementet frå 424 mill. til 1,6 mrd. i 2018. Dette er nesten ei firedobling i nominelle tal og justert for den generelle lønns- og prisveksten, utgjør det ei dobling av reelle tal<sup>1</sup>. Staten har auka sine tilskot mest, men nokre kommunar og fylkeskommunar har òg følgd opp gjennom reell driftsauke til musea.

Det gjeld ikkje Innlandet fylkeskommune og fleire av kommunane her. Fylkeskommunen har rett nok bidratt med investeringsstøtte på 54 mill. kroner til regionalhistorisk senter på Hamar, 5 mill. kroner kvar til Mjøsmuseet og Norsk skogfinsk museum, samt 10 mill. kroner til Norsk fjellsenter, men det har vore ein svak utvikling av det fylkeskommunale tilskottet og i samband med fylkessamanslåinga frå 2020 vart tilskottet i åra 2020–2023 ikkje prisjustert.

### **Dagens modell**

I Valdres har det kommunale tilskottet halde seg uendra sidan 2016. Frå konsolideringa i 2006 og fram til 2015 held tilskottet seg uendra på 500 000 kroner, kr. 30 per innbyggjar. Tilskottet vart ikkje indeksregulert i denne perioden. Med ny avtale var frå 2016 lagt til ei auke kr. 200 000, og frå 2017 eit driftstilskott basert på ein folketalssits på kr. 45 per innbyggjar.

---

<sup>1</sup> [Meld. St. 23 \(2020–2021\) - regjeringen.no](https://www.regjeringen.no)

I 2018 gjekk tilskottet ut frå ein sits på kr. 50 per innbyggjar, i 2019 kr. 55 per innbyggjar, i 2020 kr. 57 per innbyggjar, i 2021 kr. 59 per innbyggjar, i 2022 kr. 61 per innbyggjar, i 2023 kr. 63 per innbyggjar, i 2024 kr. 65 per innbyggjar, og i 2025 kr. 57 per innbyggjar.

Tilskottet har heller ikkje sidan 2016 vore indeksregulert, og med jamn folketalsnedgang i perioden har tilskottet til museet desse åra i praksis halde seg uendra.

### **Bidrag til utvikling?**

Med statlege og fylkeskommunale tilskott følgjer gjerne plikter om medfinansiering av spesifikke ordningar eller samarbeid. Det er særleg samarbeidet om bygningsvernåtgjeving som utfordrar kommunane. Av eit samla tilskott frå Innlandet fylkeskommune på 2,8 mill. kroner er 475 000 kroner øyremerka tilskott til arbeidet med bygningsvern.

I avtalen mellom fylkeskommunen og kommunane plikter kommunane å yte tilsvarande. Det betyr at om lag halvparten av det samla kommunale tilskottet til Valdresmusea er å rekne som Valdreskommunane sin andel i spleiselaget av denne ordninga. Det kommunale tilskottet til Valdresmusea bidreg derfor i liten grad til museumsfagleg utvikling og vekst.

*Skal* Valdresmusea vekse, må veksten kome frå kommunane og fylkeskommunen. Dette er også i tråd med forventningane uttrykt i Museumsmeldinga. Staten skal sikre grunnfinansiering og ressursar til *utvikling* (Kulturdirektoratet si tilskottsordning som Valdresmusea har fått tilskott til fleire gonger). Ressursar til drift og vedlikehald må koma frå eigarane, kommunane, fylka.

Valdresmusea har i fleire år vore heldig med stadige auke i den statlege støtta. Det er likevel krevjande å be om slik auke utan at regionen sjølv bidreg. Dette har òg vore kommentert frå Kulturdirektoratet, og KUD er no i gang med å sende varslingsbrev til regionar som på ulike måtar ikkje følgjer opp pliktene sine (4. november 2025, Østfoldmuseets arbeid med revisjon av forvaltningsavtaler).

### **Ny avtale – fleire scenario**

**a.** Valdresmusea følgjer spor i prosessen med reorganisering av det regionale næringsapparatet, og ber om at ei fornya oppdragsportefølje blir kompensert med tilstrekkelege økonomiske ressursar. Valdresmusea har med ei rekke initiativ dei siste åra demonstrert kva slags kapasitet som ligg i denne organisasjonen. Ein ny avtale skal røme fleire av dei utviklingsoppgåvene på kulturarvsområdet som i dag er plassert i Valdres Natur- og Kulturpark. Innhaldet i avtalen – og ein kompensasjon – må springe ut av dette forholdet.

**b.** Valdresmusea legg fram forslag til avtale basert ei målsetting om å auke det kommunale tilskottsnivået til minimum 10 % av det samla offentlege tilskottet. Med utgangspunkt i dagens tilskottsnivå bør det kommunale tilskottet auka til cirka 2 500 000 kroner. Dette kronebeløpet må gjelde frå avtalens fyrste verkeår. Sidan skal ein kommunal tilskottsvekst følgje tilsvarande den statlege løns- og prisveksten. Avtalen romar inga spesifikke oppgåver eller arbeidsmål utover dei staten omtalar i sitt tildelingsbrev.

**c.** Valdresmusea gjer begge deler og legg spørsmålet om oppgåvefordeling i pkt. a til grunn for forhandlingane om pkt. b.

*Vedtak: Administrasjonen utarbeider invitasjon til kommunane om oppstart av forhandling av ny driftsavtale. Med invitasjonen skal det følgje eit opplysende bakgrunnsnotat. Deltakarar frå VM i dei kommande forhandlingane er Ole Aastad Bråten, Odd Erik Holden og Frank Henrik Rolland.*

### **Sak 8/2026    Økonomirapport**

Rekneskapen er bokført per april og viser kr. 566 802 i meirforbruk i forhold til periodiserte inntekter per april. Resultatet er kr. 153 840 betre enn på same tid i 2025. Resultatet per april er elles som forventa. Resultatet vil erfaringsvis betre seg når sesongen kjem godt i gang, og dei eigenskapte inntektene aukar. Bestilte gruppebestillingar er per tid høgare enn samla for heile 2025, så dette lovar godt for inneverande år.

Valdresmusea har fleire store prosjekt som det blir jobba godt med. Inntektsføringa av desse prosjekta er per april litt høgare enn på same tid i 2025. Det er no fleire tilsette i deltidstillingar som jobbar med prosjekt. Dette sikrar god framdrift i arbeidet.

Administrasjonen jobbar for å halde god kontroll på utgiftene. Det er nokre avvik i forhold til tilsvarande periode i 2025. Det har likevel ikkje vore uforutsette kostnader som det ikkje er tatt hensyn til i budsjettet for 2026.

Kostnader til løn og personal: Det er fleire tilsette på prosjekt, samt ein tilsett forskar i 100% stilling frå 1. januar 2026. Dette, saman med gode lønsoppgjer dei siste åra, fører til gode lønsutbetalingar.

Kostnader til el-kraft og nettleige er òg vesentleg over tilsvarande periode for 2025. Dette på grunn av generelt høgare kraftpris i 2026. Forbruket av el-kraft er cirka det same.

Likviditet: Valdresmusea har i det store og heile inga likviditetsmessige utfordringar, men ein har fleire pågåande prosjekt som likevel «dreg» likviditet. I dei fleste tilfelle må Valdresmusea forskottere prosjektkostnadane – og krevje refusjon på grunnlag av prosjektrekenskap. For større prosjekt, til dømes eit framtidig flaumsikringsprosjekt, vil ikkje Valdresmusea kunne forskottere tiltaket med eigne, inneståande midlar.

*Vedtak: Styret tek økonomirapporten til etterretning.*

### **Sak 9/2026    orienteringssaker**

- Søknad om flaumsikring. God dialog med Skred. Søknad vil bli sendt NVE innan fristen.
- Forprosjekt ny instrumentverkstad. God dialog med Vardehaugen Arkitekter.
- Budsjettsøknad Bagnsbergatn. Innspel frå SV til forhandlingane om revidert NB.
- Kulturminister Lubna Jaffery til Valdres. Omvising og samtale om budsjettsøknad.

*Vedtak: Styret tek orienteringssakene til etterretning.*